



---

**SØKNAD OM MIDLAR I SAMBAND MED KULTURMINNEPLAN**

- A Sund kommune søker om kr 50.000 til innlegging av prioriterte kulturminne i den nasjonale kulturminnebasen Askeladden**
- B I tillegg søker Sund kommune om kr 50.000 i stønad til rettleiings- og formidlingsprosjekt i kulturminneplanen.**

**1. Status på kulturminneplanarbeid**

Kulturminneplanen i Sund har vore ute på høyring med frist 31.03.17. Prosjektgruppa vurderer innspela som er komne inn på møte 06.04.17. Ferdig plan går til saksgruppe Næring og utvikling 10.05.17. Vidare til formannskapet 06.06.17 og endeleg vedtak i kommunestyret 20.06.17.

**2. Ei kort skildring av prosjektet**

Vi har brukt 4 år på kulturminneplanen. Det skuldast stor medverknad frå innbyggjarane i Sund, feltarbeid og skriving av planen av eigne medarbeidarar. I prosessen er det blitt peika på mange kulturminne som ikkje er registrerte. Ein del er handteikna på kart av kulturminneinteresserte turgåarar, men dei er ikkje kontrollerte og lagt inn i Askeladden. Det er fleire blanke område på kartet, der det ikkje finst registreringar i SEFRAK eller Askeladden. I handlingsplanen som ligg i kulturminneplanen er dokumentasjon og registreringar av kulturminne eit viktig tiltak.

Arbeidet må planleggjast og utførast av GIS-ansvarleg i kommunen. Ho må få høve til å delta på kurs i innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden og arbeida vidare med databasen, slik at den blir til nytte og glede for kommunen og innbyggjarane.

I handlingsdelen er Skaganeset/Kvalvågen tatt ut som eige prosjekt. Første spørsmål som må avklarast er om det finst kulturminne i Langskipevika. Det er registrert pr i dag, men vi er usikre på om det er slik. Vi har fått ulike meldingar frå fylkeskommunen. På same vis må registreringar som er gjort i Askeladden tidlegare, sjekkast opp om dei er der framleis. Fysiske kulturminne kan forvitra eller forsvinna. Vi tenkjer at det er viktig at Askeladden er oppdatert. Dette er eit kontrollarbeid som bør vera på plass før vi legg inn dei nye registreringane. Samarbeid med fylkeskommunen er avgjerande for at vi skal få gjort dette innan rimeleg tid.

### 3. Framdriftsplan

Når kulturminneplanen er vedteken 20.06.17 startar arbeidet med dokumentasjon og registreringar som ligg i handlingsplanen.

Haust 2017: Skaganeset/Kvalvågen og kontroll av registrerte kulturminne i Askeladden  
2018/2019 Arbeida vidare med innspela som er komne inn i samband med kulturminneplanarbeidet  
Registrera dei ulike tema i Askeladden

### 4. Finansieringsplan

Tilskot frå fylkeskommunen	kr 50.000
Eigeninnsats/dugnad	kr 10.000

Det er GIS-ansvarleg i kommunen som må registrera i Askeladden. Det er slik at ein del av arbeidet må utførast på overtid. Det er vedkomande innstilt på å gjera.

### 5. Relevante tiltak i handlingsplanen

I planen har formidlingsarbeidet stort fokus. Skal vi få barn og vaksne interesserte i å ta vare på kulturarven, blir kunnskap og opplevingar knytt til kulturminna svært viktige.

Det hastar med å få laga eit informasjonshefte som kan formidla «Olav Toft si samling» på ein god måte. Samlinga er flytta frå Bygdemuseet på Berge til skulehuset på Toftarøyna. To studentar frå AHKR ved UiB fekk laga sjølve utstillinga, men rakk ikkje å gjera noko med formidlingsbiten i praksisperioden sin. Kommunen har inngått ei avtale med Tofterøy kystkultursenter om å drifta samlinga. Planen er å ha ope ein søndag i månaden gjennom heile året og elles etter avtale. Til dette vil vi saman med Nordsjøfartsmuseet utvikla eit guidekurs for ungdom på Tofterøy. Før vi kan starta guidekurset må vi ha relevant informasjon om gjenstandane vi no finn i samlinga og formidla kulturhistoria på ein god måte. Dette er eit utviklingsarbeid som krev økonomi og tid.

Det er også viktig for kommunen å kunne formidla arkeologiske kulturminne, kval-historie og krigshistorie på Skaganeset og i Kvalvågen. I år er to nye studentar frå AHKR i gang med å utarbeida dømme på korleis kulturminna kan formidlast. Dette arbeidet vil gje retning på korleis vi skal utvikla formidlinga vidare.

Eit anna tiltak i handlingsplanen er å laga eit hefte med kulturminneturar i Sund. Det skal lagast av eigne medarbeidarar. Vi reknar med at det blir ein del kostnader til kart, bilete og lay-out.

Skogsvåg 05.04.17

Laila Klemetsaune